

Interpellasjon Fylkestinget 10-11. desember: Nynorsk i praksis i Hordaland

Hordaland Fylkeskommune har vald Nynorsk som vårt administrasjonsspråk, vårt mål utad, og vårt mål i samferdsle- og kollektivtilbodet.

Kva skjer i praksis? Administrasjonen har til dømes ikkje kravd nynorsk brukargrensesnitt hjå eksterne leverandørar eller interne løysingar på nynorsk.

Arbeidstakarar har ved fleire høve bede om å få ei elektronisk arbeidsflate som visar at HFK verkeleg ønskjer å nytta nynorsk, men har ikkje nådd fram.

I tillegg er kvaliteten på språket i interne prosedyrar og brukarretteiingar, nettstadar mot omverda, reklamekampanjar og stillingslysingar ikkje i samsvar med HFK sin målbruksplan med krav om at ein må nytta gjeldande rettskriving og lokale skrivemåtar. Ein finn ofte ei blanding av bokmål og nynorsk der språket er klart prega av direkte omsetjing frå bokmål.

Ved fleire høve har tilsette også vorte tilsnakka av linjeleiarar når ein har peika på den låge språkkvaliteten på interne og eksterne dokument.

Denne hausten har ein innført ei ny arbeidsflata på datamaskinane dei tilsette nyttar i fylkeskommunen. Operativsystemet er Windows 10 og finnst både på nynorsk og bokmål. Administrasjonen har berre lagt til rette for å nytta bokmål. På direkte spørsmål om korfor ein ikkje laga ei nynorsk utgåve, vart det sagt at dette ikkje låg i mandatet til dei som utvikla løysinga internt.

Eit av hovudargumenta i fylkeskommunen si kostbare IT-satsing, er at ein skal arbeida betre og til lågare kostnad ved at ein harmoniserar og standardiserar verktøya ein nyttar. Då er det ironisk at ein må installera program og verktøy utanfor den definerte IT-standarden. Spørsmålet er teke opp internt i organisasjonen, men er ikkje kome svar på korfor administrasjonen har godteke avviket.

Det er nemnt døme på at HFK ikkje nyttar marknadsmakta si når ein ber eksterne leverandørar om å kome med tilbod på programvare. Ein lèt vera å krevja at brukargrensesnittet kjem på nynorsk. Det er for defensivt og er ikkje slik me vil at organisasjonen skal framstå.

For å tilfredstilla forventingane som kjem fram i målbruksplanen og for å gje dei tilsette ein nynorsk kvardag på arbeidsplassen sin, må HFK sjå til at alle program kjem med nynorsk brukargrensesnitt. Må ein velja mellom tospråklege program og bokmål må ein alltid velja løysinga som tilbyr begge målformene.

Spørsmål til administrasjonen:

Korfor tar ein utgangspunkt i bokmåls-utgåver av digitale verktøy når Hordaland og Vestland Fylke har nynorsk målform?

Korfor får ikkje tilsette verktøya sine på si målform?

Har tilsette rett til å ha verktøya på si målform?

Når kan me forventa at rådmannen ordnar opp?

Mvh,

Geir Angeltveit
Fylkestingsrepresentant Hordaland Venstre